


J. 464/04 ark. 011.0

Stiftingsprotokoll

For stiftinga Sunnhordland Museum.

16. desember 2004 vart det halde stiftingsmøte for stiftinga Sunnhordland Museum.



Til stades:

Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag v/styreleiar Annbjørg Legland
Stiftinga Stord Maritime Museum v/styreleiar Ole Yttredal.

Elles var til stades:

Bjørn Arve Lunde, varamann til styret vald av dei tilsette ved Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag.

Olav Eldøy, nestleiar ved Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag.

Tore Lande Moe, direktør ved Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag.

1. Føremål:

Stiftinga Sunnhordland Museum skal utvikla ein sterk og allsidig faginstusjon som ut frå ein overordna plan skal samla inn, dokumentera, forska i og formidla kultur- og naturhistorisk materiale i Sunnhordlandsregionen.

Ut frå dette føremålet skal ein driva og utvikla museumsverksemda ved dei samlingane og tiltaka i regionen som er underlagde Sunnhordland Museum.

Verksemda skal leggjast opp og drivast etter retningsliner som er godkjende av offentlege instansar.

2. Driftsavgiftar:

Tilhøvet mellom eigarmusea og stiftinga og likeeins mellom kommunane og stiftinga, vert regulert i eigne avtalar.



3. Grunnkapital:

Kontantbeløp på kr.50.000 skal nyttast som grunnkapital.

Som vedtekter for stiftinga Sunnhordland Museum vart vedteke:

§ 1. Namn og selskapsform

Museet er ei stifting etter regelverket i Lov om stiftingar av 1980. Det offisielle namnet er *Sunnhordland Museum*.

§ 2. Forretningskontor:

Stiftinga sitt forretningskontor er på Stord.

§ 3. Føremål:

Stiftinga Sunnhordland Museum skal utvikla ein sterk og allsidig faginstusjon som ut frå ein overordna plan skal samla inn, dokumentera, forska og formidla kultur- og naturhistorisk materiale i Sunnhordlandsregionen.

Ut frå dette føremålet skal ein driva og utvikla museumsverksemda ved dei samlingane og tiltaka i regionen som er underlagde Sunnhordland Museum.

Verksemda skal leggjast opp og drivast etter retningsliner som er godkjende av offentlege instansar.

Viktige oppgaver:

Å arbeida medvete for å auka kunnskapen om og styrkja det lokale engasjementet for vern av kulturarven på alle område.

Å leggja stor vekt på å forstå og formidla eiga historie og eigen kulturarv og dei samanhengane desse går inn i.

Å styrkja fagleg profil, kunnskap og kompetanse gjennom tverrfagleg nettverksarbeid på ulike nivå.

§ 4. Eigedom og samlingar

Stiftinga forvaltar dei eigedomar, samlingar og bygningar som etter skriftleg avtale inngår i den nye museumseininga. Sunnhordland Museum kan ta opp i seg nye museum.

§ 5. Grunnkapital

Stiftinga sin grunnkapital er kr. 50.000, som er sett inn på konto nr. Av følgende samarbeidspartar: Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag kr.40.000. Stord Maritime Museum kr. 10.000.

REGISTRERT I	
STIFTELSESREGISTERET	
10/00648	DOK NR. 2
- 1 JAN 2010	
ORG NR.	B66

§ 6. Styret

Styret er stiftinga sitt høgste organ.

Styret skal ha sju medlemmer som vert oppnemnde slik:

- Ein medlem med personleg varamedlem valde av og mellom dei tilsette.
- Fire medlemmer med personlege varamedlemmer valde av rådet.
- To medlemmer med personlege varamedlemmer oppnemnde av Hordaland fylkeskommune.

Fylkeskommunen sine representantar er oppnemnde for fire år, dei andre for to år. Etter første driftsåret vert to av dei rådvalde styremedlemmane på val, etter loddtrekking.

Dei rådsmøtevalde medlemmene kan ikkje veljast meir enn fem gonger.

Styret vel sjølv leiar og nestleiar for to år om gongen.

§ 7. Styret sine oppgaver

Styret skal leia verksemda i stiftinga og er ansvarleg for at stiftinga vert forvalta i samsvar med vedtektene.

Styret skal:

- Tilsetja dagleg leiar og fastsetja løn og instruks for han.
- Tilsetja andre faste medarbeidarar med mindre slik mynde er delegert til dagleg leiar.
- Fastsetja budsjett og arbeidsplanar.
- Godkjenna årsrekneskap og årsmelding
- Sjå til at samlingar og eigedomar vert sikra og tekne hand om på best mogleg vis.
- Kalla inn til rådsmøte (jfr. § 8)

Styremøte vert kalla inn med 7 dagars varsel. Det vert kalla inn til styremøte når styreleiaren finn det nødvendig, eller når minst to av styremedlemene krev det. Styret kan gjera vedtak når minst fire medlemmer er til stades. Om røystetalet er likt, avgjer leiaren utfallet med dobbeltrøyst.

Det skal førast møtebok.

Styreleiar og dagleg leiar i fellesskap teiknar stiftinga med underskriftene sine. Styret kan gje dagleg leiar prokura.

§ 8. Rådet

Sunnhordland Museum skal ha eit råd samansett av tre medlemmer valde frå Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag, ein medlem frå kvar av dei andre institusjonane som inngår i stiftinga, ein medlem oppnemnd av kvar av dei kommunane som soknar til stiftinga, ein medlem oppnemnt av Høgskulen Stord/Haugesund og ein medlem oppnemnt av Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Det skal haldast minst eitt rådsmøte i året. Det skal haldast innan utgangen av juni. Innkallinga skal skje skriftleg og med to vekers varsel. Andre møte skal haldast når styret eller minst fire rådsmedlemmer krev det.

Rådet skal syta for god informasjon og kontakt mellom kommunane og Sunnhordland Museum.

Rådet skal gje uttale om økonomi og planarbeid, som vert lagt fram av styret. Styret og rådsmedlemene kan også leggja fram andre saker for rådet.

§ 9. Valnemnd

Sunnhordland Museum skal ha ei valnemnd på tre personar vald av rådet for eitt år om gongen. Til første rådsmøtet kvart år legg valnemnda fram forslag til fire styremedlemmer med varamedlemmer og likeeins forslag til styreleiar og nestleiar.

§ 10. Dagleg leiar

Dagleg leiar skal ha det overordna faglege og administrative ansvaret for drifta av stiftinga, i samsvar med vedtekne budsjett, styrevedtak og andre fastlagde planar. Styret utarbeider instruks for dagleg leiar.

Dagleg leiar skal syta for at stiftinga sine rekneskapar er i samsvar med lov og forskrifter, og at forvaltninga av eiga er ordna på forsvarleg vis.

Dagleg leiar er sekretær for styret, og set i samråd med styreleiar opp saksliste med nødvendige saksutgreiingar og framlegg til vedtak i dei saker som vert lagt fram for styret.

Dagleg leiar har talerett på styremøte, men ikkje stemmerett.

§ 11. Omdanning/vedtektsendring:

Vedtektene som gjeld føremål og eigedom kan berre endrast ved fulltalig og samrøystes styremøte. Dei andre paragrafane kan endrast på fulltalig styremøte med fem av sju røyster. Framlegg til vedtektsendring skal leggast fram for rådet før endeleg avgjerd i styret.

Eigarstyra ved museumseigedomane som vert administrert av Sunnhordland Museum, skal ha høve til å gje fråsegn til rådet i samband med vedtektsendringar.

REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET	
SAKS NR. 10100 648	DOK NR. 2
- 1 JAN 2010	
ORG NR.	B66

Styret for Sunnhordland Museum

Styret er vald av årsmøtet i Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag, av Hordaland Fylke og av dei tilsette ved museet.

For Hordaland Fylke:

Annbjørg Legland, styreleiar, fram til 1.1.2005.

Hans Otto Robberstad frå 1.1.2005

Ragna Flotve fram til 1.1. 2005.

Jorge del Pino Morales frå 1.1.2005.

Valde av årsmøtet:

Johannes Tufteland, Torleif Meling, Olav Eldøy nestleiar, Kristian Bringedal, Jørund Flesland.


Vald av dei tilsette:

Johanne Øvstebø Tvedten

Revisor:

Stiftarane valde Inter Revisjon Sunnhordland A/S som revisor.

Stord 16. desember 2004.



Annbjørg Legland

Leiar Sunnhordland Folkemuseum




Ole Yttredal

Leiar Stord Maritime Museum



Tore Lande Moe

Direktør i Sunnhordland Folkemuseum



Olav Eldøy

Nestleiar Sunnhordland Folkemuseum



Bjørn Arve Lunde

Dei tilsette sin representant i styret for Sunnhordland Folkemuseum

REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET	
SAKS NR. 10/00 648	DOK NR. 2
- 1 JAN 2010	
ORG NR.	B66